

NORVALD OLAI HALLAND
LYNGHAUGANE 7
5955 LINDÅS

Dato 12.05.2023
Vår referanse 2022/95869-7
Dykkar referanse
Sakshandsamar Kari Elster Moen
E-post Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon 95288829

Svar på førespurnad om ny vurdering - avkøyrsla - gravplass Lindås - Alver kommune

Vi viser til førespurnad om ny vurdering av avkøyrsla til Lindås gravplass som de sende oss 12.04.2023.

I brevet viser de til at det ikkje er søkt om ny avkøyrsla, og at avkøyrsla har vore i bruk sidan 1930-talet. De skriv og om utforminga av avkøyrsla der den ligg i dag.

De avsluttar brevet med to spørsmål:

1. De ber oss ta ei ny vurdering av tilkomst frå fv 5470 Fanebustvegen
2. De spør om prosesjonsvegen via gang- og sykkelkulvert er godkjent, sidan den ligg i framlegget til reguleringsplan

I møte mellom Alver kommune og Vestland fylkeskommune 16.02.2023 understrekte vi at vår vurdering av tilkomst til utvida gravplass står. Vi meiner den må gå via kommunal veg Kolåsvegen. Denne løysinga vart avklart i dialog mellom kommunen, fylkeskommunen og Skyss i samband med reguleringsplan «FV. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad» med planID 1263 201407.

I møtet rådde vi til at det vert utarbeidd ein reguleringsplan for området. Gjennom ein reguleringsplanprosess kan ein ta den heilskaplege vurderinga av tilkomst, utforming, storleik på gravplass, parkeringsplass med vidare. I planarbeidet vil også omsynet til kulturminne vere eit tema som kan avklarast. Tilkomsten til Fonebustvegen er ikkje tilrådd av omsyn til trafikktryggleiken på staden. Når det er ønske om å nytte avkøyrsla til ein utvida gravplass, må vi vurdere avkøyrslpunktet etter dagens regelverk, sjølv om avkøyrsla har vore i bruk sidan 1930-talet.

Når det gjeld spørsmålet om prosesjonsvegen og status på reguleringsplanen, må de kontakte Alver kommune som planstyresmakt. Dei har oppdatert informasjon om reguleringsplanen.

Med helsing

Mats Korneliussen
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG